

# ÅRSMØTE 2014

*Sundag 2. Nov kl. 1900  
I Rået*

## SAKER

- Godkjenning av innkalling og saksliste.
- Godkjenning av årsmelding 2014.
- Godkjenning av rekneskap 2014.
- Årsplan / budsjett 2015.
- Medlemspengar for 2015.
- Val.
- Ammunisjonssubsidiar for 2015.
- Innandørs skytebane.
- Innkomne saker.

# Årsmelding 2014.

## Styret                    2014

<b>Leiar</b>	Svein Medås
<b>Kasserar</b>	Gunnar Lussand Heidi Medås Steinar Skår
<b>Ungdomsutvalet</b>	Kjetil André Rødland

## Jegergruppa            2014

Odne Lindvik  
Johannes Fenne Kolskår  
Astrid Etterstad  
Bjarne Gåsøy  
Beathe Kvammen  
Lars Lussand

### **SKYTEAKTIVITETEN.**

Granvin Skyttarlag har arrangert berre lokale stemner dette året; Lagsmeistersskap på bane og alle dei vanlege interne karusellane. Lagsmeistarskapet i felt vart avlyst pga. dårleg ver. Under årets Landskyttarstemna stilte Granvin med 3 deltakar. Treningsiveren og oppslutnaden på 200 meter kunne ha vore størremen og aktiviteten på 100 meter er aukande med ca. 10 stk. på trening. På krinsstemnet så fekk Granvin skyttarlag 2 stk. krinsmeistrar

### **STYRET OG SKYTEBANEN.**

Styret har hatt 2 styremøte og har handsama 8 saker. I år som før er jegerane den største gruppa i laget, medlemstalet dette året er nå 366. Du er medlem i eit skyttarlag til du melder deg ut. Hjå oss vert du fjerna som aktiv medlem når du ikkje har betalt kontingent dei 2 siste åra. Dette året har 332 betalt kontingent.

### **JEGERGRUPPA.**

Det har ikkje vært ein leiar i jegergruppa dette året slik at dei har ikkje vert representert i styret til skyttarlaget. Jegergruppa har fungert flott og løyst dei oppgåvene som dei skal gjera. Jegergruppa hadde laga til jegerfeltskyting i Skår men måtte avlysa det pga. dårleg ver. Dette året vart det ikkje tomt for ammunisjon.

Erfaringane frå tidligare år vart nytta i oppsettet av vaktplanen for jeger trening 2014. På kvar trening/oppskyting vert det sett opp 3 personar. Ein starta med jegerskytingane i mai. Dette året var det stengt i fellesferien. Tilbod kvar fredag og enkelte laurdagar. 281 jegerar tok skyteprøven for storviltjegerane på banen i år. Det kom også 9 stk. jegerar som kjøpte seg trening og oppskyting hjå oss.

## **UNGDOMSARBEID ved Ungdomsleiar: Kjetil André Rødland.**

På 100 meteren har det skjedd noko dette året. Me arrangerte Skytingens dag dette året og det kom ca. 12 stk. som skaut. Me har ca. 10 stk. på onsdagstreninga vår. Og 3 stk. har delteke på konkurransar dette året. No er det opp til oss å ta vare på dei framover. Me har fått støtte frå FRIFOND og har kjøpt 2 stk. nye lagsvåpen og skytejakker.

Granvin Skyttarlag leiger seg treningstid i Voss idrettshall og håpar at det er aspirantar som vil reisa opp der for å trenast. Alt vil verta mykje betre når vår nye innandørs skytebane vil stå ferdig.

## **ØKONOMIEN Kasserar: Gunnar Lussand.**

Me har i år sett i gong prosjekt ”Innandørs miniatyrskytebane” det har påverka arbeidet og etterkvart også økonomien til skyttarlaget.

Det er sett inn på eigen konto

**kr. 150.000** som er laget sin eigenkapital i prosjektet.

Skyttarlaget har fått tilsagn om gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger på

**Kr. 400.000** som vert utbetalt ved dokumentert fullfinansiert utbygging.

Har òg svært god tru på at me får det godkjent som stuiprosjekt, og då utløyser det eit tilskot på **kr. 500.000**.

Sparebanken Vest er positive til å løyva byggjelån – ein del formalia må ordnast på årets årsmøte før dette er i orden.

Jegergruppa har som vanleg hatt ansvar for trening og oppskyting for jegerane.

**Dei gjer ein kjempejobb og står for ein stor omsetnad av ammunisjon, som gjev skyttarlaget gode inntekter.**

Vidare kan nevnt tilskot og sponning:

Nortura **kr. 5.000**

Grasrotmidlar **kr.20.000** (ca)

Elles er det positivt at me framleis er i posisjon til å få kompensasjon for lotteriinntekter:

**Kr. 24.000** (i år)

Det er arbeid i gang med å vurdera endring av reglane av kompensasjonen og ”Grasrotmidlane” – det ser ut til at det tek litt tid før dei er i mål...

Men det er framleis medlemskontingenten som er den største inntektsposten.

Over **Kr. 93.000 i år**

Det ser ikkje ut til at auke av medlemskontingenten til kr. 300 har ført til særleg medlemstap !

**Eg føler at skyttarlaget har ”medvind” for tida, - og den må me nytta !**

## LAGSMEISTAR 2014.

**Baneskyting:** Svein Medås lagmeister i kl. 3-5, Olav T. Lekve i V65, Det var kjempeflott at me har fått med 7 nye aspirantar. Det skal ikkje kårast nokon vinnar i den klassen fordi alle er vinnarar. Fylgjande deltok i klasse aspirant: Jacob Rødland Tøn, Live Seglem Berland, Maria Rødland Tøn, Håvard Rødland Tøn, Stian Pedersen, Susanna Fære Spildo og William Seglem Grøtte.

